Resipientanalyse AS
Foretaksnr.: 998 058 376
Adresse: Sælehaugen 26
5212 Søfteland
Kontaktperson: Frode Haveland
Telefon: 40 23 17 79
E-post: post@raas.no
Internett: http://www.raas.no

Oppdatert: 01.10.2026

Om Resipientanalyse AS

Resipientanalyse Haveland blei etablert i 2002. I 2012 blei drifta endra til AS. Vi har utarbeid over 2500 notat og rapportar innan miljø og resipientgransking i sjø.

Vi har utført MOM B-granskingar sidan 2004. Sidan 1. April 2023 rapporterer vi resultat av MOM B-gransking til Fiskeridirektoratet på MinSide. Vi utfører og resipientgransking utanfor mindre avløp ved settefisk og slakteri, risikovurderingar av forureining, strandsonesynfaring, kartlegging av ålegras, straummåling og CTD med oksygen og algemåling.

For Statsforvaltaren, har vi utført miljø overvaking i Møre og Romsdal, resipientgranskingar ved avløpsanlegg for kommunar. Miljørisikovurdering av forureina grunn og sediment, ved skipsverft og for plankonsulentar.

Vi har sedimentfeller, spesialbøyer og straumrigg for straummåling, fleire sett med grabbar for opptak av sediment og vassprøvetakarar for uttak av vassprøver. Vår SD204 CTD frå SAIV måler salinitet, temperatur, algar og oksygen. Vi har doppler profiler og doppler punkt straummålarar frå Nortek.

I 2025 flytta vi til Sælehaugen 26, 5212 Søfteland i Bjørnafjorden kommune.
Kontor og lager lokale for felt og prøvetakingsutstyr blei tatt i bruk august 2025.